

6. april 2022

Varsel om igangsetting av detaljregulering for Vik massetak i Nissedal kommune

Med heimel i Plan- og bygningslovens § 12-8, blir det med dette varsla at AT-skog på vegne av forslagsstillar Tom Aslak Aarak, startar arbeid med detaljregulering for massetak på gnr./bnr 32/9 i Nissedal kommune. Planen har fått PLANID 3822-2022002

Planområdet er på ca 17 daa og er vist på vedlagte oversiktskart og varslingskart som angir planområdets plassering og avgrensing.

Planområdet ligg ved Vikbukta/Sandvikliane i Nissedal kommune. Området er i kommuneplanens arealdel avsett til område for massetak, BRU13. Det var oppstartsmøte med Nissedal kommune 28. februar 2022. Planområdet er avgrensa i tråd med kommuneplanen i tillegg til å omfatte adkomstvegen til området.

Siktemålet med planen er å regulere for masseuttak i området. Reguleringsplanen vil omfatte dei vurderingar som er naturlege i eit slik føremål. Planarbeidet vil elles følgje dei føresegner og retningslinjer Nissedal kommune har utarbeida.

Det stillast ikkje krav til konsekvensutgreiing da planen er i tråd med overordna plan. Ulike tema vil bli belyst i planomtalen. Blant anna støy, naturmangfald og liknande.

Referat frå oppstartsmøtet følgjer varslinga til offentlege etatar og kan for andre sjåast på heimesida til Nissedal kommune saman med varslingsdokumenta.

Eventuelle spørsmål til planarbeidet kan rettast til AT skog v/ Mona Gundersen på tlf 957 94 342 eller ved e-post til mg@atskog.no

Planarbeidet vil starte opp omgåande. Forslag til detaljplan er tenkt oversendt kommunen for behandling vinter 2022/23.

Synspunkt eller opplysningar som synest å kunne ha betydning for planarbeidet sendast skriftleg til AT-Skog AS, Klokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal eller på e-post mg@atskog.no.

Frist for tilbakemeldingar er 27.05.2022

Med helsing
for AT Skog SA

Mona Gundersen



Oversiktskart: planområde markert raudt

Vedlegg:

Kart med plangrense